

Heilt frå frukost til kvelds

No er Ranglerock i gong igjen. Programmet i år har ein litt anna vri enn tidlegare.

ELLEN WALDELAND
SKOGLAND | tekst og foto
ellen@jbl.no



GEOFF BERNER: Kanadisk viseartist og trekkspelar som har rykte på seg for å levera svært energiske og underholdande konsertar.



FARSEBAR: Frode Hagerup og Bjørn Hagerup Røken er klare for rangling, rock og farse på Bryne mølle.

FESTIVAL: Ranglefrukost på Kjøkkenet er heilt nytt av året.

- Det vil bli seld berre 60 billetter til frukosten. Maten ein får servert, vil vere ein delikat vri på den jærseke farsen. Eg er veldig spent på kva Kjøkkenet vil diske opp med, fortel PR-ansvarleg Bjørn Hagerup Røken.

Spanande program

I fjor hadde festivalen booka nokre kjende band, blant anna Honningbarna.

- I år er det eit litt breiare spekter av artistar enn i fjor, seier leiar, Frode Hagerup.

- Alt frå jazz og visesangar til klassisk rock, utdjuvar Røken.

Dei to ranglarane fortel at arrangørane sine eigen smak styrer kva typar band og artistar dei ønskjer å ha med på festivalen.

- Me bookar det me tykkjer er kult, og som me trur at publikummet vårt vil like. Ideen er å få band som ikkje har spelt på Bryne før, til å kome. Og at bryne-

buane skal oppdage artistar dei ikkje ellers ville høyrte om, fortel Røken.

Anette Moi vil stilla ut bilete under festivalen. I tillegg vil utstillinga om Kaizers Orchestra, «Blitzregn», òg vil vera open for publikum store delar av tida.

Firestjerners farse

Tradisjonen tru er det dukka for konkurranse i farseeting. Det som der er nytt, er at fjorårets vinnar i år har celebre utfordrarar.

- Blant anna kjem Bryne-legende og ranglar Kenneth Giske og jærkokken Heine Grov, fortel Røken.

- Me prøver òg å om bord ein politisk og fleire Bryne-profilar, men ingenting er bekrefta ennå, legg Hagerup til.

Intern farsekrise

Servering av farse har vore ein

rangletradisjon. I dag er det tomt der farseovnen før hadde sin faste plass.

- Me hadde ei intern farsekrise for ikkje lenge sida, då ovnen me tidlegare har brukt blei øydelagt. Krisa blei avverga då Heine Grov tilbød kjøkkenet sitt til farsesteiking, smiler Røken.

- Han har betre kjøkkenustyr enn det me hadde. Dermed risikerer me til og med at det blir betre i år enn det har vore før, supplerar Hagerup.

Ny befaring

Tidlegare i år blei det spekulert i om det var slutt på å ha 300 publikummarar på arrangementet i Bryne mølle. Dette fordi det i forbindelse med planar om eit nytt ungdomshus blei henta fram ein omfattande risikoanalyse for møllebygget. Analysen seier at første etasje i Bryne mølle

tek maks 190 personar.

- Me fekk gjort ei ny inspeksjonsrunde der bygget blei godkjend for 280 personar i tillegg til frivillige og artistar, opplyser Røken.

- Måtte me ha gått ned til å ha 250 publikummarar, skulle me fortsatt klart oss. Men om 190 hadde vore maksimum kapasitet, hadde me ikkje klart å gått rundt, forklarar Hagerup.

Ingen planar om vekst

Sjølv om Hagerup og Røken er glad for at dei slepp å kutta ned på publikumstalet, har dei heller ikkje planar om å bli særleg større.

- Ranglerock er ein liten festival, og me har ikkje ambisjonar om å bli større, slår Hagerup fast.

Og dermed er startskotet gått, og ranglinga kan begynne.



TWO GALLANTS: Duoen frå San Francisco har blitt omtalt som ein miks av elektrisk visesang, støvete blues og kupunk.



HVERING ORVILLE: Brynebandet har utvikla seg frå å vera eit klassisk singer-songwriter-prosjekt til eit bandprosjekt med fokus på rock og mykje lyd.

FAKTA

PROGRAMMET

- Fredag
 - Geoff Berner
 - Hovering Orville
 - Two Gallants
 - Hedvig Mollestad
 - Billie Van
 - Svenssen
- Lørdag
 - Wolf People
 - Svenska Kaputt
 - Tusmørke
 - Wunderkammer
 - Hvitmalt Gjerde
 - Heavy Heads